

Høyringsvar til Statnett sine monsternmasterplanar Samnanger-Kollsnes!

NVE har invitert til offentleg høyring fram til 16. januar 2025 om Statnett sin søknad om å byggje ei ny 420 kV kraftlinje på Vestlandet. Denne skal etter planen gå i luftspenn frå Sauda via Etne til Blåfalli i Kvinnherad og vidare gjennom Ullensvang, Kvam, Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Alver og Askøy til Kollsnes i Øygarden.

NVE saman med Statnett har arrangert folkemøte i desse kommunane om konsesjonssøknaden. Mange engasjerte folk har møtt fram, og det har kome mange kritiske røyster til planane. Raudt har og deltatt med lokale representantar på folkemøta og har fylgjande kommentarar:

Raudt etterlyser nærare dokumentasjon frå Statnett og oppdragsgjevaren Energidepartementet om det reelle samfunnsøkonomiske behovet for å byggje desse nye linjene til mange milliardar kroner. Vi krev svar på fylgjande spørsmål:

Skal linjene levere vasskraft til elektrifisering av sokkelen?

Kva slags konkrete industrieventyr langs kysten treng ein meir straum til?

Kva blir konsekvensane for den kraftforedlende industrien og anna næringsliv i indre strøk for kraftoverføringa til kysten og ut i Nordsjøen?

Kva vil kommunane langs denne traseen sitte att med?

Alternativ 1 og 2 vil medføre fleire fjordspenn. For luftfartens del må desse merkast med store, raude ballongar og varsellys, jmf «Forskrift om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder». Slik merking vil vera sterkt visuelt forureinande og vil truleg gjera eigedomane dette rammer mindre attraktive enn i dag.

På Stanghelle har helikopterselskapa Airlift og Fonnafly base på kaiområdet. Eit luftspenn over fjorden der vil medføre problem for desse då det kun er ca. 300 meter mellom helibasen og luftspennet. Dette har ikkje Statnett tatt med i si vurdering til NVE.

Mastene med luftspenn vil i begge alternativa vera visuelt skjemma heile vegen gjennom Vaksdal. Trasseane går på dei høgaste fjelltoppane og vil vera synlege fleire kilometer ifrå.

Når traseen kjem over til Osterøy vil den gå mot HSH område og gjennom urørd terreng og vidare til dels over Austrevatnet. Vidare vil det verta nærføring til Herlandnesjane naturreservat. Dette reservatet representerer eit unikt samanhengande landskap som er særst viktig både for fugle-, dyreliv og frilutsliv saman med fjellskog og gamalskog som finnes der. Slik natur er verdfull og må vernast mot all fysisk og visuell skadeverk, det vera seg både i privat og i offentleg regi. I tillegg er Nordhordland vald som UNESCOs biosfæreområde i Noreg grunna økosystemet sitt. Det kan synes underleg og uforsvarleg frå Statnett si side å ikkje ta noko omsyn til dette i planane sine for denne kraftlina.

Raudt etterlyser ei alternativ vurdering og grundige, uhilda utgreiingar av linjetrasear som er meir skånsame utifrå natur, miljø- og friluftsinnteresser og kulturminner.

Raudt etterlyser vidare grundige, uhilda utgreiingar av linjekablar i jord, sjø og fjell i staden for luftspenn på heile eller deler av denne strekkinga og alternative økonomiske utrekningar utifrå framtidig vedlikehaldsbehov i eit livsynsperspektiv.

Statnett nytta jordkabel i Bærumsområdet. Det bør kunne danne presedens for denne typer linjeutbyggjing.

Det enklaste og kortaste vegen for deler av denne linjeutbyggjinga går via Bergen (alternativ 6.1). Der vil ein i stor grad nytta seg av allereide eksisterande linjenett. At dette alternativet er det kortaste, vil påverke kostnaden ved denne utbygginga, samt at det vil spare store områder av fri,

urørd natur og naturreservat. Frå eit samfunnsnyttig perspektiv er dette alternativet langt å foretrekke framfor rasering av store natur og friluftsområder slik dei alternative traseane vil forårsake.

Fylkestinget i Vestland har vedtatt at kabel i jord, fjell og sjø skal utgreiast som eit reelt alternativ til luftspenn i samband med bygging av nye kraftleidningar. Eit slikt vedtak bør vega tungt når ein skal leggja kraftlinjer i området som ligg i dette fylket.

Det er usikkert om me i i det heile treng denne straumkabelen slik den er planlagt. Det tilseier at ein bør vera svært tilbakehalden med å rasera dyrebar natur for denne linja sin del då det kan vera fornuftig å ta omsyn til NVE sin analyse frå 2024 av kraftbehovet framover som seier at Noreg vil fortsatt ha overskudd av kraft frem mot 2028. Mykje kan ha endra seg til den tid.

Vaksdal Kommune er allereide sterkt nedbygd av kraftmaster. Det medfører at det er svært lite urørd natur att. No vil denne nye traseen fjerna det som kan reknast å vera blant siste rest av urørd natur i kommunen. Dette går ut over trivsel og verdi på eigedomar der.

Raudt Vaksdal vil på det sterkaste oppmoda NVE til å pålegga Statnett å konsekvensutreda trasealternativ 6.1 til denne kraftlina.

Raudt vil og utfordre Statnett til å klargjere om det vil bli stilt krav om at det skal vere norske leverandørar med landsdekkande norske tariffavtalar som skal utføre byggjing av linja. Vi vil minne om at då Statnett bygde dei omstridte monstermastene gjennom Hardanger frå Sima i Eidfjord for ein del år sidan, vart ein stor del av jobben utført av underbetalte kroatisk linjemontørar.

For Raudt Vaksdal
Jan Steinar Solheim, leiar

Mail: jss@solheim.cc
Tlf: 47362763